

Bygdabladet

for BOKN



"Trygge små på bøljan blå" s. 4 og 5



KM3 på Bokn s. 12



Vikingkamp s. 13



Brann på Coop s. 15

Bygdabladet for BOKN

www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 350,- pr. år, 500,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

Redaktør: Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

Medarbeidarar: Elisabet Taraldlien og Annette Bokneberg

Bygdabladnemnd

Johannes Nilssen
Ellen Nedrebø
Lars Norekvål

Gjeldande annonseprisar

Heilside kr. 625,-
Halvside kr. 375,-
Kvartside kr. 188,-
1/8 side kr. 125,-
Privatann. kr. 62,-
Fastann./fargeann. etter avtale



Stort forsidesbilde:

Trygge små på bølgjan blå

Foto: Anne Elisabet Askeland

Bokn Bygdablad ynskjer alle lesarane ein god sommar!



Kultur

Lokal skikk og bruk på 1900-talet

Reidar Alvestad

Eg skreiv i forrige blad om skikkar ved barnedåp og konfirmasjon frå 1920 åra og framover, og vil nå halda fram med byllaup, fødselsdagsfeiring og gravferd. Informantane mine er medlemmer av bygdaboknemnda.

Bryllaup

Det vart lyst til bryllaup i kyrkja 3 veker på førehand. Vanlegvis ba brura inn til bryllaupet, som normalt var i hennar heim. Brura sydde alltid brudgomen si skjorte.

Det var for lang tid sidan skikk i Bokn

at brudgomen si slekt møtte på fredagen hos brudgomen. Etter eit måltid gjekk dei til brura sin heim kor dei var til dagen etter.

Bryllaupet var i 12-tida på laurdagen i kyrkja. Det vart kjørt med hest og kjerre. I kyrkja var det som vanleg fast skikk at mennene sette seg på høgre side, kvinnfolka på venstre. Alle hadde såkalt *slag* – dvs at dei vart sette saman med ein partner på førehand. Dei fekk vita kven det var før dei gjekk i kyrkja.

Kjøgemeisteren plasserte folk til bords etter rang. Presten var ofte invitert i bryllaupa.

Når dei kom til staden der bryllaupsfesten skulle haldast, vart gjestene etter kvart bedne til bords. Det var god folkeskikk å ikkje hasta til bords. Difor kunne det dra ut i tid før folk sette seg på plassane sine ved bordet. Det hende at dei hadde skrive ein song til bryllaupet.

Ofte var det kjøt og suppe som vart servert til middag, men det kunne også vera steik.

Det var allslags leikar og anna underhaldning.

Forts. neste side.



Føresvik 1928, bryllaupsfylgje til Anna & Kristoffer Håland.

Forts. frå forrige side.

I ein periode var det også bryllaupsfeiring på sundagar.

Elles var det vanleg etter laurdagsbryllaup at det var skalkafest på sundagen.

Det var etter at folk hadde overnatta anten i brura eller brudgomen sin heim, eller hos anna slekt eller kjende i nærleiken.

Det var ikkje berre så enkelt i dei dagar å koma seg heim heim på natta. Vegen kune vera både lang og dårleg, og bilar var det heller dårleg med. Den første lastebilen hadde Kristoffer Håland i 1930- åra, medan Nils Bokneberg hadde den første drosjebilen rundt 1948.

Fødselsdagsfeiring

Her varierte skikkane frå familie til familie. Økonomien bestemte kor mykje folk hadde råd til. Store dagar som 50-års dag, 75-års dag, 80 og 85 vart markert, og vidare om dei vart så gamle.

Det var særleg 50-års dagen som vart feira.

Folk gjekk ikkje ubedne i slike selskap om dei ikkje var nær familie.

Sølvbryllaup

og andre merkedagar kunne feirast, varierende frå familie til familie.

Gravferd

Når det gjeld tradisjonane ved gravferd, var bygda oppdelt i såkalla *bedarlag*. Austre Bokn hadde to slike. Det var få som hadde telefon, og innbedinga til gravferd gjekk føre seg ved at ei ung, ofte ugift kvinne gjekk

rundt i eige område og ba inn til gravferd på ein nokså fastsett måte.

Når ho kom rundt på gardane, vart ho innbeden og bydd sete. Når ho framførte ærendet sitt, reiste ho seg opp og sa:

- Eg skulle helsa frå dei næraste og be dykk, om de vil vera med og fylgja (namn på den døde) til grava (dag og tid, og kor dei skulle møtast - som regel i heimen).

Til slutt kunne ho seia:

- Uten påkostnad -.

Det vil seia at dei ikkje skulle ha med seg førnad (mat, drikke).

Også på Vestre Bokn var det fleire bedarlagsområde. Eg veit ikkje kor mange, men Olaug Hognaland fortalde at Vatnaland, Dagsland og Laupland var eit slikt område.

Sjølv hugsar ho nokre av dei kvinnene som ba inn til gravferd. Det kunne også vera einslege kvinner som gjorde det, sjølv om dei ikkje var heilt unge. Dei hadde ofte betre tid enn kvinner som hadde familie og oppgåver på garden.

Det var vanleg at det var eit måltid i heimen til avdøde før og etter gravferda. Dei song alltid salmer når dei gjekk ut frå heimen, og når dei gjekk framom andre tun.

På Austre Bokn song dei også når dei la ut frå land og skulle over sundet til Vestre Bokn og kyrkjegarden. På andre sida var det vanlegvis faste personar som kjørde sleden til kyrkjegarden. Dei hadde brukt slede på austsida også.

På Austre Bokn landa alltid kyrkjefolket nord for Tåganen i Føresvik. Dei sør for Tåganen landa i Alvestadkroken. Dette

gjaldt ikkje berre gravferder, men generelt når dei skulle til kyrkje.

Elles var det vanleg skikk og bruk at dei næraste og folk i nabolaget skulle sjå den døde. Kista sto i heimen til gravferdsdagen.

Alle måtte ha svarte eller mørke klær, også borna. Hadde dei ikkje, kunne dei sy.

Gravfylgjet var ikkje innom kyrkja. Det var i tilfelle unntak.

Før kapellet kom opp på kyrkjegarden midt i 1950-åra, gjekk alltid gravferdene frå heimen. Var det fint ver, kunne dei samlast utanfor huset, t.d. i hagen.

Dersom det ikkje kunne koma prest til gravferda, var det ein frå bygda som haldt andakt. Jordpåkasting og rituale vart då foretatt ved neste preik. Dei som ville, kunne då vera med etter preika.

Folk gjekk sjeldan ubedne i gravferd på den tida. Men sjølv sagt kom skyldfolk og vener frå andre område.

Skikken med to forsangarar i gravferd haldt seg langt opp mot vår tid.

I dag og ein del år har det vore vanleg at mykje bygdafolk fylgjer til grava. Det er ein fin skikk som syner at folket viser medkjensle og omsorg ved å fylgja. Det var først etter at gravferdene gjekk frå kyrkja at folk tok til å møta mannjamt opp slik det ennå ofte er.

Sport



Jardar Havikbotn

Nå er også Bokn idrettslag, Bokn Sanitetsforening og Havnavegen Velforening klare til å ta imot midlar frå Grasrotandelen i Norsk Tipping.

Bokn Danseklubb og Bokn Røde Kors er til nå dei andre lokale loka som er slike mottakarar.

Med Grasrotandelen kan spelarane vera med og bestemma kva noko av Norsk Tipping sitt overskot skal gå til, kvar gong dei spelar! Mottakaren får fem prosent av spelebeløpet. Å bli grasrotgjevar kan ein gjera direkte i

tippedisken hos kommisjonæren, på internett, på mobilen og etter kvart også på speleterminalene. Eventuelle premiar blir dei same som før.

Bokn Røde Kors gjer det bra

Med å gå inn på grasrotandelen.no kan du søka opp grasrotmottakarane. Ved å klikka på dei, får du opp kva beløp laget har fått inn i ein gitt periode, og kor mange spelarar som har valt dei som sin grasrotmottakar. Bokn Røde Kors kan vera svært nøgde. I perioden 01.01.09-31.05.09 fekk laget inn heile 9.773 kr., med 32 registrerte spelarar.

- Ja, me har visst nokre stortipparar med oss, fortel leiar av Bokn Røde Kors, Kaj Arne Christiansen, og kan sjå at 32 spelarar har blitt til 36 i perioden som byrja 1. juni.

Laget kan verkeleg få seg mange uventa og ubudsjetterte inntekter framover. Leiaren kan opplysa om at dei har kjøpt seg ein ny redningshengar, av grasrotmidlar. Eit konkret og meningsfullt døme på at det nyttar å registrera laget/foreninga som grasrotmottakar.

Dei som vil bli slike mottakarar, må registrera seg i Frivillighetsregisteret, gjennom Brønnøysundregisteret. I skrivande stund kjenner Bygdabladet til at Bokn musikkorps held på å registrera seg.

Fleire vil nok koma etterkvart, og oppfordringa til tippeglade boknarar blir at dei bør støtta opp om lokale grasrotmottakarar.

Sjøvett-dag i Føresvik 21. juni

Anne Elisabet Askeland

I april arrangerte arbeidsgruppa Helse og trivselsfremjande tiltak, båtførarkurs.

Responsen var over all forventning; over 30 personar deltok på kurset i april medan 15 står på venteliste til nytt kurs til hausten.

om ein kunne benytte kaiområdet i Føresvik, båteigarar var forespurde om dei kunne tenkje seg å stille båtar til disposisjon, Bokn båtforening vart kontakta og arbeidsgruppa fordelte arbeidsoppgåver seg imellom.



Kos på kai

Utgangspunktet for å arrangere båtførarkurs er at det frå 1. mai 2010 vert eit krav om at personar fødd 01.01. 1980 eller seinare og ynskjer å føre fritidsbåt med lengde over 8 meter eller som har

I tillegg måtte ein også denne gong hente inn "supplerande" mannskap for å få arrangementet i havn.

Ca. 10 ungdommar takka ja til invitasjonen om å bli med på ein tur ut i båt, peile kursar og mykje meir. I fylgje båteigarane var engasjementet og iveren om bord, stor.

Vel tilbake til kai, fekk dei som hadde scora best på båtførarprøven, utdelt kvar sin redningsvest samt oppfordringa om å bruka denne flittig om bord i båt.

Harald Trosnavåg, Kaj Raymond Mikkelsen, Remi Andre Jøsang og Kristoffer Nordhus er 4 flotte ung-



Travel dag for ansiktsmalaren.

motor med effekt på meir enn 25 hK, lyt vise til at dei har båtførarbevis.

I tillegg til den teoretiske delen ynskta arbeidsgruppa Helse og trivselsfremjande tiltak å tilretteleggje for at ungdomane skulle få praktisere det dei hadde lært på kurset.

Med dette som utgangspunkt tok ideen om ein komplett Sjøvett-dag, form.

Tor Harald Alvestad vart forespurd



Full fokus på fisk.

dommar som har teke på seg faderansvar for 2 av Tryg Vesta sine livbøyer. Dei fekk utlevert bøylene sundagen i Føresvik, dette til stor applaus frå publikum.

Den eine bøya er allereie på plass i Føresvik, den andre vert sett opp i Sunnalandstraumen. Det står stor respekt av at ungdomane tek på seg dette ansvaret; de går føre som gode eksempel gutar!

I tillegg til opplegget for ungdommane frå kurset, var det aktivitetar for stor og liten, på kaien. Borna hadde fleire aktivitetar dei kunne ta del i; ansiktsmaling, høyre på historieforteljingar framførte av erfarne sjøfararar, fiskekonkurransse og Sjøvett-quiz.



Sjørøverhistoriar frå virkelegheita av Leiv og Einar.



I ly for nordavinden smakte kaffien godt.

Borna fekk også besøk av Kaptein "Capt"- ein sjørøvarkaptein som



Captain Capt, skattekista og gullmyntane...

måtte be borna om hjelp til å opna skattekista han fann på ei av dei mange reisene sine. I skattkista fann ein gullmyntar- etande som sådan. Bokn båtforening hadde ansvar for fiskekonkurransen; eit svært populært innslag.

Røde Kors gjennomførte ein redningsaksjon i tillegg til at ein kunne få prøve HLR (hjarte-lunge redning) på dokkene dei hadde med. Røde Kors melder at det er fyrste gong dei har hatt så godt besøk; over 40 personar prøvde HLR.

Kommuneoverlegen stod for det faglege når det gjeld dette med å visa sjøvett. Innlegget hans var til stor nytte; forhåpentlegvis for både liten og stor: Takk for svært nyttig informasjon!

Dei som tok turen til Føresvik søndag 21. juni fekk også høyre flotte songprestasjonar av Anne Tove Øvrebø og koret Sang Ria frå Karmøy/Haugesund. Kormedlemene i Sang Ria gjorde ein formidabel innsats og leverte varene - nordavinden til tross!!

Representantar frå 9. klasse hadde ansvaret for kiosksalet og ser ein på omsetningen, skulle ein tru at det var nærmare 300 fram-

møtte... Det var nok ikke fullt så mange som tok turen nedom



Flotte prestasjonar frå scenen. Her Anne Tove Øvrebø.

Føresvik; kan vi har vore ca. 150 personar på det meste?

2 av desse vart heldige vinnarar av Sjøvett quizen: Sondre T. Osmundsen vann redningsvesten for born (gåve frå Biltema) og Anne Lise Nilssen vann eit gåvekort på Naustet Spiseri, Rica Maritim. På menyen står naturleg nok: "Smak av kysten."

Avslutningsvis gjenstår det å takka alle som møtte fram, alle sponsorane våre og sist, men ikkje minst: **ALLE** som gjorde ein innsats for å få arrangementet vel

i havn!!



Kommuneoverlege Dag Helge Rønnevik med særst godt fagleleg innlegg.

Det var ikkje få som var involverte i organiseringa også denne gongen.



Kiosk suksess med fantastisk utval.

Sang Ria kor, i vind frå nord.



Ein lyt difor leggja til:

Dugnadsviljen var stor også denne gongen – godt jobba alle saman!!

Med ynskje om ein flott sommar, til lands og til vanns og husk: Vis sjøvett!

Kjæledyret mitt

Bygdabladet starta i forrige blad ein ny serie der lesarane kan presentera kjæledyra sine. Forfattarane, som kan skriva på den måten dei vil, skal i utgangspunktet sørge for at ein annan person tar over stafettpippen til neste gong. Tekstane blir redigerte på vanleg måte før dei går i trykken.

Vil du vera med?

Alle lesarar av Bygdabladet, både barn og vaksne, fastbuande i Bokn, eller utanbygdsabonnentar som har eit kjæledyr, er velkomne til å gjera denne serien interessant og kjekk å lesa. Interesserte sender ein mail/sms til post@bygdabladet.no/98 22 15 08, eller ringer til kulturkontoret, 52 75 25 08.

Me håpar på ein variert og koseleg serie som kan vara lenge.

- redaktøren-

Ariel

Gina G. Johannessen

Hei, eg heiter Ariel og er tre år. Eg blir fire til jul, men viss du reknar det i hundeår så blir eg 35. Eg blei født på Tunge, men nå bur eg på Bokn. Eg er av og til på Tunge på ferie.

Noko av det eg likar aller best er å gå på tur. Eg likar også godt å ligge og strekke meg i sola, eller ein annan plass det er varmt og godt.


Eg får hundemat i skåla mi, men eg likar mykje betre menneske-mat. Det skal eg egentlig ikkje få, men viss eg kikkar lenge opp på Gina hender det at eg får ein pølsebit.

Eg er veldig glad i ungar, men eg forstår ikkje heilt kvifor eg får kjeft når eg hoppar opp for å helse på dei. Eg er ein veldig søt blanding av Border collie og Golden retrriver.

Når nokon i familien blir triste og leie, likar eg å trøyste dei, det er eg ganske flink til.

Eg har ganske skarpe tenner, men eg bit ikkje altså. Og ein annan ting eg likar er å leike med kattar, men det får eg aldri lov til.

Hade, hilsen Ariel =>



Neste gong presenterer Amalie Nilsen katten sin, Shrek.

Songar & tekstar frå Bokn

I forrige blad presenterte me Anne Tove Øvrebø sin tekst BOKN (NÅR EG DØR). Denne gong er det klart for **TUSENÅRS-SONGEN** av **Olaug Hognaland**.

Forberedinga av Tusenårsskiftet blei grundig forberedt over heile verda, særleg i siste halvdel av 1999. I Bokn tok me m.a. i mot den nasjonale oppfordringa om å markera hendinga med vardebrenning, fakkeltog og stort felles fyrverkeri. Ei spesiell kjensle var det å gå i fakkeltog frå kyrkja til skulen, med Tusenårselden frå både Boknafjellet og Vardafjellet (2. vers).

Oppdraget frå kulturkontoret om å skriva ein tusenårssong klarte Olaug Hognaland på ein framifrå måte. Underteikna laga melodi til diktet, og Tina B. Høyland song han for fyrste gong den siste kvelden i forrige århundre. Tre dagar etterpå song ho han inn til NRK-Rogaland. Det blir jobba med å skaffa og presentera dette opptaket på bokn.no

Songen var sjølvskriven på Bokn kommune sitt 150 års jubileum i mars 2000, og blei i forkant av jubileumsfesten sendt Hanne Krogh. Det var stort og minnerikt, både for Olaug, underteikna og Tina, då Hanne Krogh framførte songen saman med henne.

- redaktøren -

1. Eit tusenår er til ende,
det nye stig fram i det blå.
Kven veit vel om alt det som hende,
i fortida dunkel og grå.
Me veit at dei tidleg har landa
ved sundet i aust og i vest.
I haugane tett ned ved stranda,
der finst deira siste rest.

2. Ein nordmanns ferd var på havet,
og modig, det var han som få.
Der midt uti stormen og kavet,
han Boknafjell kunne sjå.
Nå nettopp på denne kvelden,
signalet frå toppen er med.
Den flammande tusenårselden,
som lyser for brorskap og fred.

3. Vondt ofte leid våre fedre
med ufred og hungersår.
Visst' ikkje av noko betre
enn liv under ulike kår.
Når kornet var sådd om våren,
så bad dei om rikeleg haust,
og takka når havren var skoren,
og Herren velsigna raust.

4. Far hadde kornet i sekken,
tok han på ryggen og for
til huset i Kvednabekken
som nå gjekk striu og stor.
Og nå ved det store skiljet,
me minnest så gjerne dei
som med både mot og vilje
gjekk føre og viste vei.

5. Nå nye oppgåver møter
dei som er unge av år.
Dei har me gitt vår støtte,
og tru og tillit dei får.
Med tanke på alt det som hende,
då ordet seg sjølv kan gi:
Sjølv tusen år tek ende,
Guds ord blir til evig tid.



8 år gamle Tina B. Høyland urframførte songen på Tusenårsgudstema 31.12.99

Næringsliv

Kommunal informasjon



KROVÅGEN HESTESENTER

5561 Bokn – tlf. 91 12 08 01
E-post: kachris@online.no

Nye ridekurs starter i mnd-skiftet
august/sept.

Vi bygger ridehus, og tar imot hest til
oppstalling.

For mer informasjon:
se nettstedet **www.kro-hest.no**

eller ring Kari og Olav på
t. **91120801** el. **95114786**.

VENNEKJØRING

Er du pensjonist/uføretrygda og
treng skysst til å komma deg frå
ein stad til ein
annan? - t.d. til lege, ulike til-
stelningar, handla på
butikken m.m.

Nokre pensjonistar ønsker å
vera tilgjengelege som sjåførar,
og desse har ei vaktordning og
ein mobiltilf. til disposisjon.

For å avtala tid, ring dette nr. -

helst dagen før eller lengre
tid på førehand.

Dei som brukar tenesta
betaler til sjåføren -

- Kr. 3,- pr. km + kr.
0,50,- pr. km for kvar
ekstra passasjer.
- Minstepris kr. 100,-



94 14 47 35



Fleirbrukshall på Bokn

Svein Ove Alvestad

Bokn har et rikt kultur og idrettsmiljø med m.a. idrettslag, danseklubb, korps, musikk og kulturskule.

Gymnastikksalen på skulen huser i dag mange aktivitetar som desse laga har. Det vert hevda at det er vanskelig å få plass i gymnastikksalen til de ulike aktivitetane og nokre aktivitetar må avlysast ved større arrangement. I tillegg er det eit ynskje frå dei frivillige laga å starte fleire aktivitetar.

Gymnastikksalen er Bokn si storstove og skal fungere som samfunnshus. Dette lokalet har vist seg ikkje å vera stort nok dersom ein skal gjennomføra større kultur/idrettsarrangement eller ha større utstillingar.

Eit innadørs tilbod, særleg i vinter-

eit arbeid på gang for å vurdere utbygging av barnehagen eller å bygge ein ny barnehage, samtidig som der er starta eit arbeid for å sjå på Kyrkjebygd aktivitetshus, både vedlikehold og drift.

Arbeidsgruppa har også fått ein viss oversikt over dei aktuelle tilskotts-midlane ein slik hall kan få. Dette gjer oss nå i stand til å sjå nærmare løysningar og innhald i ein slik hall og me vil arbeide med tre forskjellige alternativ;

1. Ein hall med rom for ungdomen, museum, kjøkken, kaffe osv inklusiv barnehage,
2. Ein fullintegrert hall utan barnehage og



Teikningar av Nord-Odal sin fleirbrukshall.

3. Ein enkel fleirbrukshall.

Til hausten vil me så ha ein runde med alle mulige aktørar og Bokn sin befolkning for å diskutere kva for eit alternativ me bør gå for.

Alternative plasseringar er også vurdert og me vil sjå nærmare på ein plassering på den kommunale tomta vest for nybygget til Bokn Plast AS og vest for skulen.

Plasseringa er avhengig av økonomi, bruk i dag, trafikkforhold og at den er sentral i forhold til skulen og barnehagen.

Ved hardt arbeid og raske avgjersle kan me nå søknadsfristen på spelmidlar i Januar 2010. Då kan hallen vera klar til bruk i 2011.

Det hadde vore et svært løft for oss på Bokn og fått ein slik hall, og eg ser fram til ein god og engasjert debatt om innhald og bygging av ei fleirbrukshall på Bokn utover hausten.

Svein Ove Alvestad
Leiar av prosjektgruppa



Skåredalen fleirbrukshall.

halvåret, har vore eit sagn både for den vaksne del av befolkningen og elles barn og unge i alle aldrar. Bokn har difor bruk for ein fleirbrukshall som kan ha plass for ulike hallaktivitetar, garderobar, sosiale rom og kjøkken for ulike arrangement og aktivitetar.

Det er over 30 år sidan gymnastikksalen blei bygd og den har berre hatt mindre utbetringar. Ein må nok kunne seie at gymnastikksalen er "gått ut på dato" som eit moderne kultur- idretts- og aktivitetshus for Boknarane i dag.

Ei prosjektgruppe har derfor arbeidet med å sjå på muligheten for bygga ein fleirbrukshall på Bokn. Gruppa har reist og sett på fleire hallar.

Arbeidsgruppa har hatt møter og dialog med mange aktuelle brukarar for å danna seg eit inntrykk av kva som er behovet og ønska for boknerane. Samtidig har kommunen



Finnøy fleirbrukshall.

Sommeravslutning for skolekorpset

Ingunn Grønnestad

Lørdag 13. juni var det klart for korpset sin sommeravslutning, vi troppet opp på Arsvågen om morgenen klare for en dag i Kongeparken.

Stemningen på ferja var god, og jeg tror kanskje de voksne gledet seg like mye som ungene.

Vel framme i kongeparken blir vi møtt av hyggelige verter som tar oss forbi køen og setter på oss armbåndene som gir oss tilgang til parkens herligheter.

Det er gøy å kjøre karusell, men

heldigvis klarte alle å løsrive seg til felles måltid, vi kom i matsalen til ferdigdekket "bursdagsbord".

Vi fikk servert hamburger og "bamse frites" (noe som faktisk er mye sunnere enn den mye omtalte pommes fritten), is, brus, popkorn og masse smågodt.

Etter matserveringen var det klar for nye runder i karuseller, berg og dalbaner, krasjbåter og biler, ja til og med i "Nordavinden", en kan trygt si at det var full fart hele dagen. Når

klokken nærmet seg halv seks var de fleste fornøyde og vi vendte nesene hjemover etter en dag med mye latter, solskinn, god mat og drikke, og godt samvær.

Vi vil også nytte anledningen til å takke alle medlemmer og foreldre for innsatsen i året vi har lagt bak oss. Og ønske gamle og nye medlemmer velkommen til et trivelig korpssår til neste år, det vil komme informasjonsbrev angående aspirantopptaket ved skolestart.



Gjengen klar til karuselltur.



Trivelege damer på tur.

"Søndagsdrakta til Bern"

Elisabet Taraldlien

Det var nok mange som 17. mai i år fekk sjå ein annan klesdrakt enn det vi normalt ser på nasjonaldagen.



Familien Ognøy på 17. mai 2009.

Eg tok meg ein prat med eigaren, Petra Winkler Ognøy (35), gift med Hans Jørgen Ognøy (39), og fekk vite litt meir om familien og sjølvsgagt, drakta.

Petra kom til Noreg i 1998. Då skulle ho køyre rundt om på motorsykkel i tre månader. Men kjærleiken ville det annleis, så ho blei varande att.

I starten busette Petra og Hans Jørgen seg på Nodeland i Songdalen kommune. Det er på "det blide Sørlandet", men fleire har kanskje funne ut det

allereie, medan dialekten hennar røpar den førre bustaden. Nesten 10 år budde dei der.

Nå har Hans Jørgen overtatt den midtarste garden på Ognøy, og nå gler dei seg til å få sett opp nytt hus på Ognøy.

Petra jobbar hjå Statens vegvesen som inspektør på kjøretøy, medan Hans Jørgen, som er utdanna maskiningeniør, for tida er heime med dei tre borna deira, Lydia Verena (8), Deborah Anna (7) og minstemann Joshua Andreas (4).

Men så var det drakta... Petra seier ho bar drakta på 17. mai, for å gjere ære på Noregs nasjonaldag med det mest verdifulle ho har frå heimlandet sitt. Nasjonaldrakta kallast "Søndagsdrakta til Bern", og Bern er hovudstaden i Sveits.

Drakta er ofte bruka i samanheng med jodlestevner. Ho har arva delar av drakta hjå både oldemor, bestemor og mor, men noko har ho kjøpt sjølv, for eksempel hanskane. Ein kan sjå på drakta, at det er roser i sylv. Dette symboliserar ein "levande" del av drakta, og difor høyrer det med at ei levande rose skal bærast saman med drakta.



Under:

Roser av sylv og som er levande.



Kulturkalenderen

Endringar sidan sist/nye arr. blir **utheva**

August

- 15. Bokn Båtforening arrangerar "Ta sjansen" i Humraparken.
- 25. Bokn KFUK-KFUM-speidarar: Oppstart for vandrane og oppdagarane
- 30. Friluftsdag—arrangørar er idrettslaget og speidaren
- 30. Bingo kl. 16:00—arr. Bokn musikkorps
- 31. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00

September

- 1. Bokn KFUK-KFUM-speidarar: Oppstart for stifinnarane
- 06. NMS har misjonsfest på bedehuset kl. 19.00
- 14. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
- 20. ABR-senteret har møte på bedehuset kl. 19.00
- 25. Bedehusbasaren kl. 19.00
- 27. Bingo kl. 16:00—arr. Bokn musikkorps
- 28. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00

Oktober

- 07. Den Indre Sjømannsmisjonen har basar på bedehuset kl. 19.00
- 12. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
- 15. Kontaktmøte på bedehuset kl. 18.00
- 17. Auksjon—arr. Bokn musikkorps
- 18. Normisjonen har møte på bedehuset kl. 19.00
- 26. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
- 28. Israelsmisjonen har møte på bedehuset kl. 19.00

November

- 6. ABR-senteret har basar på bedehuset kl. 19.00
- 6—8. Bokn KFUK-KFUM-speidarar: Vandrartroppa fer til Vigdarheim
- 09. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
- 13. Kulturkveld på bedehuset kl. 19.00
- 15. Bingo kl. 16:00—arr. Bokn musikkorps
- 18. Samemisjonen har møte på bedehuset kl. 19.00
- 22. NMS har møte på bedehuset kl. 19.30
- 23. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
- 29. Lysmesse med speidarprosesjon i Bokn kyrkje

Desember


- 7. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
- 8. Speidarane sin grautfest/juleavslutning på skulen kl. 18:00
- 13. Luciafest—arr. Bokn musikkorps
- 20. Juletefest på bedehuset kl. 15.00
Arr: Sundagsskulen og Speidaren
- 28. Juletefest (familiefest) på bedehuset kl. 17.00
Arr.:Frelsesarmeen og bedehusstyret



Bokn Båtforening Ta sjansen

i Humraparken 15. august

Grilling, leikar og konkurranse
Kanskje kjem kaptein Snabelsand.



Det blir satt opp
båtskyss til dei som
ikkje har båt og som
ynskjer å kome dit



Gratulerer!

Bygdabladet presenterer små og store jubilarer, både her i papirversjonen og på bokn.no

Du kan senda inn bilde og ein liten tekst på fleire måtar:

E-POST:
post@bygdabladet.no
MMS:
98 22 15 08

RUBRIKKANN.
www.bokn.no/index.cfm?id=127852
(gratis for dette formålet)



Me vil gratulere **Maren Berge** med 25. års-dagen den 30. juni.

Ein stor klem fra mamma og pappa.



Me vil gratulera **Erik Nilssen** med 11 års-dagen den 28. juni!

Glad i deg.

Hilsen pappa, mamma og Maria.

Bygdabladet for 20 år sidan

Frå Nr. 5 JUNI 1989

BOKN-FERJA FOR LITEN
STØRRE FERJE INN FRÅ 19.JUNI

Den siste tida har det etter måten vore store køar i ferjesambandet Kopervik – Bokn. Dette har skapt store problem for næringslivet i Bokn kommune. Både for bilar med betong, ferdigpakka laks og lignende som ikkje kan venta særleg lenge, er dette eit stort problem.

Bokn kommune har konferert med Vegsjefen og DSD om dette problemet, og skriftleg gjort greie for det. Reidar Mæland ved Vegkontoret i Rogaland, opplyser til Bokn Bygdeblad at frå 19. Juni i år vil M/F "Rennesøy" bli sett inn i ferjesambandet Kopervik – Føresvik.

Denne ferja har ein kapasitet på 32 personbilar.

M/F Bokn vil då gå inn som suppleringsferje i Høgsfjord-sambandet.

Denne ordninga vil førebels gjelda fram til 1. oktober i år.

Lokalt

Skuleungdom i feriejobb

Reidar Alvestad

I utgangspunktet var det 18 skuleelevar i 9. og 10. klasse pluss grunnkurs vidaregåande som søkte sommarjobb gjennom det spesielle opplegget Bokn kommune har i sam-arbeid med næringslivet i Bokn.

Undervegs er det eit par som har trekt seg, slik at det er 16 att.



Gina Alvestad, elev på vidaregåande.

Dei som går i 9. klasse får 1 veke, medan dei i 10. klasse og vidaregåande grunnkurs får 2 veker sommarjobb i dette opplegget. Det er alltid spennande kor mange som søker. I år var det eit "normalår". Det kan vera over 20 som søker, men det er ofte nokon som trekkjer seg fordi dei får jobbar på eiga hand. I år ser me også at fleire har ordna seg sjølv med sommarjobb.

Me har fått kjempegod respons frå næringslivet i Bokn når det gjeld tilbud om sommarjobb. Det er slik at kommunen dekker 50% av løns-utgiftene dersom me får plassera ein ungdom i sommarjobb i det private næringslivet gjennom denne ordninga. Når ungdommane får sommarjobb i kommunen gjennom opplegget, dekker kommunen lønsutgiftene fullt ut.

Kommunen har eit fastsett beløp disponibelt til dette tiltaket, og det er antal søkjarar og kor mange som skal jobba i det private næringslivet som avgjer om alle får 2 veker. Dersom flest muleg jobbar hos private, rekk pengane lengre fordi kommunen då berre dekker halvparten.

Me prøver så langt muleg å gi søkjarane den type jobb dei ynskjer. Difor er det nokre av dei som har tilbydd sommarjobb som ikkje får elevar. Me håpar likevel at næringslivet er like positive til neste år.



Kai Raymond Mikkelsen, ungdomsskuleelev

I år er det ca. halvparten av elevane-som jobbar i kommunen, og halvparten hos private.

Etter som me kjenner til, er det berre nokre få kommunar i fylket som har ei liknande ordning.



KM3 på Bokn

Av Kjetil Hamre



Klar te innsats!



Hmmm, må tenka litt på det...

To dagar før PLUGGEN skal arrangera KM3 er det naturlig å stille spørsmåla, «organisert kaos eller full kontroll?».

Når ein står og ser som utanforståande er det nærliggande å tenkje kaos-tankar, men det vert kontant avvist frå leiinga i klubben. Her har ein alt under kontroll og dei byrjar å få ein viss rutine i dette.

Eg stolar på at dei har kontrollen på det dei driv med nok ein gong.

Etter knallsuksessar dei siste åra har antall aktive skutt i været. Pr. dags dato har dei 25 aktive der det og er tysvær- og karmøysjeler som forvillar seg til øya.

Før stemnet kan starta er det

dommarar, kontrollklypparar, kioskpersonal, politiattest for arrangementet.

Sponsormidler er viktige, og i år er det Vassbakk og Stol som trør til.

Deltakarar er 80 dette året og dei møter som vanleg utfordrande seksjonar. 21 seksjonar fordelte på sju klassar vert det som vanleg på eit stemne av denne storleiken. Dei små får spesielt ei heving av vanskelighetsgraden, noko som Pluggen er spente på mottakelsen på.

Dommarar er viktige og dei har 12 nye som stiller dette året. Kursing må til og, det er bare å takke for nytt blod i klubben.

45 frivillige stiller opp under heile arrangementet. Kaker fra bygda

bladet vert hermed uttdelt!!!

Seksjonane vart mottekne med skepsis men vart utførte med stil. Dette skjedde under sol og fint ver.

Av 80 eksossteggar og ryper, var 19 Pluggen-deltakarar.

Arrangementet gjekk knirkefritt som ein totaktsmotor og var til glede for tilskodarar og aktive.

Vel blåst og lukke til med giringa i framtida, Pluggen!



Ein stolt utøvar.



Yess, eg vant!



Bokn Idrettslag arrangerte tur til Vikingkamp søndag 21. juni



Christian Bottolf Knutsen

Det hele startet med at undertegnede fikk et tilbud ifra Viking fotballklubb om reduserte billettpriser til deres hjemmekamper på Viking stadion.

Dette virket som et flott tiltak som en avslutning før sommerferien for alle som deltar og gjør en god jobb i fotballgruppa i idrettslaget. Jeg så på kampoppsettet til Viking og fant raskt ut at hjemmekampen mot Brann ville

imellom Viking og Brann! Vi brukte ikke lange betenkningstiden på å avgjøre om vi skulle ta en annen kampdag....det ble som planlagt , Viking - Brann 21. juni kl. 20:00. Barna hadde aktivitetsdag på skolen dagen etter, så det skulle gå bra.

Respsen ble bedre enn forventet , og vi måtte bestille to store turbusser fra Veolia Transportselskap i Stavanger.

holdt igjen i 15 min., for å unngå bråk.

Veoliabussene stod som avtalt på samme plass som vi ble "levert", og plukket oss opp for retur til Mortavika og Bokn. Vi hadde særdeles lite forhåpninger om å nå ferge som gikk kl.22:45, da køen gikk ganske så tregt ut av stadionområdet.

Neste ferge gikk da ikke før 23:45!! Men vi hadde mer igjen på



God stemning på stadion

Vi ble tilsammen 94 deltagere , deriblant 60 barn, og det i strålende solskinn fra skyfri himmel. Alle stilte opp i god tid i Arsvågen, der vi skulle ta ferge over og bussene fra Veolia plukket oss opp i Mortavika. Alle gikk pent og pyntelig ombord og ut av ferge. Vel fremme ved Viking stadion, fikk vi både se og høre Supportere fra begge lag gi lyd ifra seg allerede timen før kampstart .

falle i smak for de fleste .

Jeg serverte saken videre til vår fotballansvarlig Fredrik Faye, der han jobbet videre for å høre respsen blant spillere, foreldre og trenere. Jeg inviterte også til et informasjonsmøte en uke før, for å gå igjennom enkelte viktige detaljer som måtte på plass.

Det ble etterhvert også forandret kamstart fra kl. 18:00 til kl. 20:00, da dette skulle bli en populær TV-kamp




HEIA VIKING!!!

Det gikk greit å finne frem til inngang nr.7 , som vi skulle bruke. Et stort anlegg med mange innganger og fasiliteter gjorde at alt gikk knirkefritt. Folk fikk seg en matbit både før kampen, og i pausen. Vi fikk greie nok sitteplasser på ene kortsiden , som ble noe for nært Brannsupporterne . Vi løste dette med å flytte oss noen seter i motsatt retning .

Vi fikk ikke se noen mål til hjemmelaget i første omgang, noe som hadde vært populært da vi satt ganske i nærheten av bortelagets mål i første omgang. Håkon Opdal jobbet godt i brannburet. Målløst i første omgang og vi fikk hive i oss ei pølse og litt brus før 2. omgang ble blåst igang.

Først etter 55 min. kom første målet , men det i Brann`s favør . Kristjan Ørn stanget inn målet som gikk forbi Vikings Keeper Thomas Myhre. Det ble litt mer liv i kampen og vi ventet i spenning på utligningen....og den kom etter 80 min, da Viking`s Trond Erik Bertelsen knallet fra 20 meter og i Måååå!!!

Jaggu ble det noen spennende siste 10 min.,men det endte 1-1 og poengdeling på Viking stadion. Vi skulle gjerne sett et seiersmål til hjemmelaget, for å sette prikken over ièn på denne turen. 14.715 tilskuere gikk ut av stadion med delte meninger om kampens bilde. Brannsupporterne ble



Spenning på banen

"flakskontoen" vår , vi hadde nemlig flere passasjerer med oss blant deltakerne som hadde nære forhold til Fjord 1 -selskapet...., og de ringte ferge og ba pent om de kunne vente de minuttene vi var unna.

Med positiv tilbakemelding på dette , så kom vi oss over fjorden og vel hjemme nesten før sola gikk i havet (23:20), tusen takk til fergemannskapet.

Avslutningsvis vil jeg takke alle foreldre, trenere og oppmenn for at dere stilte opp og gjorde dette til en vellykket tur, som jeg håper kan bli en årlig tradisjon. Jeg vil allerede etter ferien kontakte Viking for en ny avtale til neste år .

Håper alle hadde det kjempegøy på en skikkelig arena som Viking stadion er .



Sansehage ved Boknatun

Kyrre Lindanger

Bokn kommune er kome godt i gang med å opparbeide ein såkalla sansehage i tilknytting til sjukeheimen i Føresvik.

Arbeidet med sansehagen tok til i vinter då bekken gjennom området blei steinlagt og ein sti blei opparbeidd.

Utover våren fekk ein på plass to trebruer som blei laga av Bokn Bygg,

og i Østen. Sansehagen er eit trygt og avgrensa område som skal kunne brukast som ein del av det miljøterapeutiske arbeidet for personar med demens.

For personar med demens kan ein sansehage vera med å dempa uro, minske stress og auka konsentrasjonen.

Tanken er at ibuarane på sjukeheimen i denne hagen kan lukte på blomar, føle på planter og steinar, lytta til rennande vatn og finna tid til ettertanke.

Gjennom sanseopplevingar kan livskvaliteten betrast. Ein hage kan

vil bli satt ut sitjegrupper og det er god plass til å rusle rundt.

I tillegg skal det setjast opp lyssøyler langs stien. Hagen vil kunne gje spennande høve for avveksling, måltider og ein kaffikopp.

Hagen vil og kunne bli ein spennande plass å oppsøke for til dømes barnehagen.

Grunnarbeidet er snart gjennomført, men tanken er at sansehagen skal utviklast over tid, og meir innhald skal på plass, til dømes ulike blomar og planter, bærbuskar, gjenstandar som er gjenkjennbare for brukarane.



og det er bestilt benker som skal setjast ut langs stitraséen. Seksjon teknisk har ansvaret for å opparbeida og vedlikehalda sansehagen.

Auka livskvalitet

Sansehage er eit omgrep som har eksistert sidan oldtida i Persia, Egypt

stimulera til alle sansene; syn, lukt, smak, hørsel og tak til kjensle. Meininga med ein sansehage er å bringa tilbake dei gode kjenslene.

For alle

Sjølv om prosjektet blir omtala som ein "sansehage", skal dette vera ein hage som alle skal kunne bruke. Det

Dette kan vere med på å vekkje gamle minner, slik som til dømes mjølkepann, kvite stakittgjerder, flaggstang og liknande.

Bokn kommune tek gjerne i mot innspel og tips om innhald til sansehagen.

Brann på Coop Bokn

Elisabet Taraldlien

Kl. 07:11 måndag 6. juli gjekk alarmen hjå vaktelskapet NISCHAYA, som overvakar Coop Bokn. Tor Harald



Store skadar på sikringsskapet.

fekk alarm på telefon, og kjørte på jobb. Det var røykutvikling, og ikkje "full fyr" i sikringsskapet, som står inne på lageret ved sida av personal-kjøkkenet.



Nødaggregatet var kjapt på plass.

Tor Harald seier det er uvisst kva som er årsaka til brannen. Coop Bokn har god kapasitet på straumnettet, det blir bruka normalt 200 kW ein vanleg dag. Kapasiteten ligg på 230 kW. Haugaland kraft var på plass, så ein får håpa dei finn ut brannårsaka.

Heldigvis vart det råd med å få tak i straum. Coop Bokn lånte nød-aggregatet til Bokn kommune, slik at butikken fekk straum medan skadane blei utbetra. Aggregatet kan leverera 330 kW.



Litt uvanleg å handle med lommelykt.

Kundane tok ein mørkklagde butikk med eit smil. Dei fekk utdelt lommelykt ved inngangen, og ein kommentar frå ein blid kunde var at "detta va kult".

Nokre av maskinane på butikken hadde straum, deriblant kasseapparata, så heilt vanhjelpne var dei ikkje, dei alltid like blide ekspeditrisene på Coop Bokn.



Kasseapparata hadde straum, så handelen gjekk som vanleg.

coop
marked

COOP MARKED BOKN

coop
marked

Mandag til fredag: 09.00 - 18.00

Lørdag: 09.00 - 16.00

Drivstoff hele døgnet - kortautomat

Du kan lovlig benytte naboens private strand

INGEN NÆRGRENSE:

Så lenge eieren av eiendommen ikke kan se deg, er det ikke noen grense for hvor nærme du kan gå huset hans. Men du har ikke lov til å gå på gressplenen hans

"Du skal ikke plage andre, du skal være grei og snill – og for øvrig kan du gjøre som du vil."

IKKE PÅ BRYGGEN, MEN GJERNE LIKE VED:

Allemannsretten gir deg ikke rett til å bruke en privat brygge. Men du kan godt oppholde deg tett inntil bryggen, så lenge du ikke er til sjenanse for eieren.



HVA NÅR EIEREN KAN SE DEG?

Selv om eieren kan se deg, har du lov å spasere over naboens strand. Høyesterett har tillatt at du kan gå over strender så nærme som 65 meter fra huset.

GJØR DEG USYNLIG HVIS DU SKAL BADE:

Du kan bade fra strand og svaberg så lenge du ikke er synlig fra eierens hus. Når eieren selv bruker stranden, må du flytte deg ut av syne, for eksempel bak et svaberg.

Allemannsretten lar deg nyte naturperler ved sjøen selv om du ikke er hytte millionær.

Med loven i hånd kan du vandre over private strender og bade fra svaberg selv om det er andre som eier eiendommen. Betingelsen er at du ikke er til "utilbørlig sjenanse" for dem som eier grunnen. Allemannsretten som du finner i friluftsløven, gir deg lov til å ferdes fritt i utmark.

Husk at du må bruke allemannsretten varsomt, for du går tross alt på annen manns eiendom. Din ferdsel skal være hensynsfull og med "tilbørlig varsomhet", står det i friluftsløven.


Dette kan enklest oversettes med Kardemommeløven: *Du skal ikke plage andre, du skal være grei og snill – og for øvrig kan du gjøre som du vil.*

Husk på at eieren skal få bruke eiendommen sin i fred. Du kan ikke *trø eieren for nære*.

Eieren kan be deg gå vekk fra eiendommen hvis du er til sjenanse. Men, du må faktisk være til sjenanse. Du må gå hvis eieren skal bruke området du er på, men følger du friluftsløven, kan han ikke kaste deg vekk fordi han ikke vil ha fremmede på eiendommen sin.

Eieren kan etter løyve fra kommunen, kreve en rimelig avgift for adgang til badestrand. Den skal ikke stå i misforhold til de tiltak som eier eller bruker har gjort på området til fordel for friluftsfolket. Det kan også settes vilkår for løyvet.

Kilde: "Dine Penger" nr. 8, 1999



15 naust
med båt plass
TIL SALGS
- og utleige av
båt plasser

FØRESVIK MARINA

ny småbåthavn på Bokn

Bygg og kaianlegg AS har under prosjektering ny småbåthavn i Føresvik. Vi har for salg 15 naust med båt plass. Hvert naust har innlagt strøm, med mulighet for innlagt vann/toalett.

Området har også eget parkeringsområde ved naustene. Ett av naustene har mulighet for oppdeling i mindre enheter.

Kort vei til bonkringsstasjon

Prosjektoppstart 1.april 2009 • Interesserte kan ta kontakt for mer informasjon



bygg & kaianlegg

Bygg og Kaianlegg AS • Bøneset, 4260 Torvatad • Tlf 915 79 901 • E-post olej@byggogkaianlegg.no • www.byggogkaianlegg.no

SMS-VARSLING

Bli varslet på mobilen når noe skjer på kontoen din.

Nå kan du enkelt sette opp SMS-varsling i nettbanken.

www.sr-bank.no



Bank. Forsikring. Og deg.

SpareBank 
SR-BANK

Div. tenester på Boknatun

BOKN LEGEKONTOR

Hver tirsdag og fredag samt torsdager i partallsuker.
Åpningstider 08 – 15.30.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkelig hjelp: Bokn Legevakt:
52 74 85 22 (hele døgnet).
Dr Rønnevik er på Bokn hver dag og kan ta imot øyeblikkelig hjelp dersom behov.
Ved livstruende tilstand: 113.

Timebestilling på internett eller SMS.
Se www.bokn.no for mer info.

Listen fylles opp, men det er fortsatt ledig kapasitet!

Dag-Helge Rønnevik - lege

DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00
Treg du skyss, blir du henta på døra.
Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.
Påmelding på tlf. 93 09 39 98

Mariann Skjelde - aktivtør

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatun kl. 9.00 – 12.00.

Direkten. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre vekedagar, tlf. **52 75 71 75**

Bjørn Bruaset - jordbrukssjef

Næringsliv

Dikt

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

Utleige av minigraver 2500 kg

Pris pr. dag kr. 800,- + moms.

Pris pr. veke kr. 4.000,- + moms.

Pris pr. dag kr. 100,- + moms

for leige av vridbar pusseskuffe.

Kontaktpersoner:

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, onsdagar og fredagar kl. 8-15.30 -
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil
46 93 69 65

Henriette S. Lindanger - helsesøster



NAV BOKN

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 –

Kundesenteret: tlf. 815 81 000

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30– 15.00

Me kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdebøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: post@bokn.kommune.no

BOKN TANNKLINIKK

Kvar måndag kl. 08-15, førebels fram til august.

Tannklinikken opnar igjen etter ferien 20. august

Tlf. 52 75 25 80

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet mandag i oddetallsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61
Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

Bodil Ljones Auestad - jordmor

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.
52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smarter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00 ved fysioterapirommet.

Enkelte laurdagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling
tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28

Direkte nr.: 52 75 25 33

HEIMESIDE:

<http://sites.google.com/site/boknfotterapi/>

Rita Bokneberg - fotterapeut

Div. tenester på Boknatun

TRE GODE RÅD VED NY INFLUENZA A (H1N1)

Vaksinen mot ny influensa A (H1N1) kjem seint. Det er derfor viktig å hindra at personar i risikogrupperne vert smitta.

Her er tre gode reglar:

1. **Hald deg heime dersom du føler at du starter på ei influensa.**
2. **Hald deg borte fra personar i risikogrupperne dersom du trur du er smittefarleg.**
3. **Vis god hygiene – skjerm host og nys i albuekroken og hugs god handhygiene.**

Me har følgande risikogrupper:

- Kronisk lungesjukdom
- Kronisk hjerte- karsjukdom
- Nyresvikt
- Diabetes
- Nedsett immunforsvar (kreftsjukdom, HIV, cortisonbehandling, m.m.)
- Gravide
- Alder over 65 år

Dei fleste får relativt mild sjukdom med feber og hoste av ny influensa A (H1N1). Det er derfor ikkje nødvendig å ringa lege med mindre du føler deg sjukare enn ved ei vanleg forkjøling med hoste og feber.

UANSETT BØR DU IKKJE GÅ DIREKTE TIL LEGEKONTORET UANMELDT – DÅ RISIKERER DU Å SMITTA PERSONAR I RISIKOGRUPPERNE PÅ VENTEROMMET.

Dag-Helge Rønnevik
Kommuneoverlege Bokn kommune

Blomsterflue på blåknapp



Her nede må det da finnes noe godt
Blomsten står der så blå og flott
En landingsplass for mine små føtter
Stødig står den på sine røtter

Jeg får meg en hvil og avslappingsstund
Kanskje jeg skulle tatt en høneblund
Men må ta til vinger for å se meg om kring
Hvem vet hva som skjuler seg bak neste sving